



SAKSHANDSAMAR
Silje Hauge

VÅR REF.
17/01413-4

ARK. P - Plansaker 2006-2019
267,269,272 Lindås kom. - Ho

DYKKAR REF.
2017/8269-21

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO

VÅR DATO
02.09.2019

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Att: Sigrun Wølstad

Knarvik-Alversund - Alverstraumen - Kommunedelplan - 1. gangs høring og offentlig ettersyn - Riksantikvaren sitt innspel.

Vi syner til Hordaland fylkeskommune si oversending av framlegg til kommunedelplan for Knarvik – Alversund med Alverstraumen, datert 19.08.2019. Vi viser også til våre innspel i brev av 21.07.2017. Fylkeskommunen er kulturminnemynde i plansaker etter plan- og bygningslova, og skal gje ein samla uttale til planforslaget på vegner av kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er også delegert ansvaret for omgjevnadane til listeførte kyrkjer.

Innspelet frå Riksantikvaren gjeld de forvaltningsområdene der direktoratet er fagmynde. I dette høve gjeld det mellomalderkyrkjestaden Alversund. Mellomalderkyrkjestadar med sikringssone er automatisk freda kulturminne jf. Kulturminnelova § 4.

Planforslaget

I Lindås kommune sin planstrategi for 2016-2019 er førebuing på vekst og fortetting kring regionsenteret Knarvik nemnd som særskilt viktig for kommunen denne perioden. Revisjon av kommunedelplan Knarvik, Alversund med Alverstraumen er trekt fram som ei prioritert oppgåve. 1. januar 2020 blir Lindås kommune slått saman med Meland og Radøy kommune, til nye Alver kommune. Føremålet med å revidera kommunedelplanen er å følgje opp strategiane i samfunnsdelen til kommuneplanen og å oppdatere arealpolitikken før kommunesamanslåinga i 2020. Planarbeidet omfattar revisjon av to kommunedelplanar; Knarvik- Alversund og Alverstraumen.

Om Alversund kyrkjestad

Innanfor planområdet ligg Alversund mellomalderkyrkjestad. Den eldste kyrkja var truleg ei stavkyrkje. Denne vart, sannsynlegvis i 1629, erstatta med ei tømmerkyrkje. Noverande kyrkje erstatta tømmerkyrkja i 1879, og den nye kyrkja vart reist like søraust for den gamle.

Riksantikvaren sine merknader til planforslaget

Kyrkjestadene frå mellomalder er kulturminne av nasjonal verdi. For å synleggjere at dei mellomalderske kyrkjestadane er automatisk freda kulturminne, skal dei visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet og omtalast i føresegnene jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H-730. Vi vier til våre tidlegare innspel i saka, og merkar oss at våre innspel knytt til føresegn for mellomalderkyrkjestaden Alversund er tatt inn i planforslag til offentlig høring med følgjande ordlyd:

«Den mellomalderske kyrkjegarden er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegarden er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging.

Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.»

Me gjer elles merksam på at siste setning om at vi ikkje har tatt stilling til arealbruken ikkje var meint til å skulle være ein del av sjølve teksten i føresegna, og kan takast ut.

Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare, ikkje berre i høve til inngrep men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbødet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står difor sterkt i lovverket. Eit sentralt punkt i denne saka er om tiltak i nærleiken av kyrkjestaden vil være utilbørleg skjemmaende, jf. kulturminnelova § 3.

Planprogrammet skildrar ingen konkrete tiltak, og vårt innspel på dette stadiet er difor generelt. Det er viktig at ein ved planlegging av tiltak i kyrkjestaden sine nærmaste omgjevnader tar tilstrekkeleg omsyn til dette, slik at kyrkjestaden sin kunnskaps- og opplevingsverdi kan takast vare på for framtida.

Konklusjon

Riksantikvaren ber fylkeskommunen om å samanfatte våre innspel angående mellomalderkyrkjestaden i si fråsegn til høyringsframlegget til kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen.

Det er med dette ikkje tatt uttrykkeleg stilling til arealbruken jf. kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Beste helsing

Isa Trøim (e.f.)
seksjonssjef

Silje Hauge
Seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjend